Utdanningsdirektoratet

# Eksamen

**Fag: HS7019 Ambulansefag**

**Eksamensdato: 9 juni 2006**

Eksamenstype: Tverrfagleg eksamen / Tverrfaglig eksamen

Studieretning: Helse- og sosialfag

Praksiskandidatar/Praksiskandidater

Oppgåva ligg føre på begge målformer, først nynorsk, deretter bokmål. /
Oppgaven foreligger på begge målformer, først nynorsk, deretter bokmål.

# Nynorsk

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid:** | 5 timar |
| **Hjelpemiddel:** | Sjå gjeldande reglar |
| **Rettleiing om vurderinga:** | Det gjeld å vise heilskapleg kompetanse og å bruke kunnskapar frå dei ulike faga i læreplanen i løysinga på oppgåva.<br><br>I svaret skal du<br>– setje i verk prehospitale tiltak<br>– gjere riktige prioriteringar<br>– vurdere omfang og ressursbehov<br>– vise evne til kommunikasjon<br>– vise forståing av betydninga av rapportering og dokumentasjon<br>– vise evne til å vareta hygieniske prinsipp<br>– vise evne til å opptre rasjonelt og beherska<br>– vise evne til å vareta eigentryggleiken |

## Situasjonsbeskriving

Ein vakker sankthansettermiddag kjem det melding til AMK frå ein populær feriestad i skjergarden om ei hending. Ein del ungdommar har allereie feira dagen i mange timar da ein speedjolle skal ha rasa inn i nokre som bada. Du og kollegaen din blir sende dit på eit hasteoppdrag, og da de kjem fram, finn de ein ung mann som ligg på stranda. Han er bleik, blør frå djupe kutt i hovudet og på brystkassa, og har ein svak, surklande respirasjon.

Medan de undersøkjer og behandlar den skadde, ropar ei jente som er tydeleg rusa, at det har skjedd noko med kjærasten hennar. Han ligg under eit tre med kraftige krampar i armar og bein, og han har eit sår i bakhovudet. Ho seier at han ikkje har teke medisinane sine i det siste.

## Oppgåve

Tenk deg sjølv framhaldet av situasjonen.

- Fullfør oppdraget med dei tiltak som er eller kan vere nødvendige for ungdommane. Kva vil du gjere, korleis vil du gjere det, og kvifor vil du gjere det slik?

# Bokmål

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid:** | 5 timer |
| **Hjelpemiddel:** | Se gjeldende regler |
| **Veiledning om vurderingen:** | Det gjelder å vise helhetlig kompetanse og å bruke kunnskaper fra de ulike fagene i læreplanen i løsningen på oppgaven.<br><br>I besvarelsen skal du<br>– iverksette prehospitale tiltak<br>– foreta riktige prioriteringer<br>– vurdere omfang og ressursbehov<br>– vise evne til kommunikasjon<br>– vise forståelse av betydningen av rapportering og dokumentasjon<br>– vise evne til å ivareta hygieniske prinsipper<br>– vise evne til å opptre rasjonelt og behersket<br>– vise evne til å ivareta egensikkerheten |

## Situasjonsbeskrivelse

En vakker sankthansettermiddag kommer det melding til AMK fra et populært feriested i skjærgården om en hendelse. En del ungdommer har allerede feiret dagen i mange timer da en speedjolle skal ha rast inn i noen som badet. Du og kollegaen din blir sendt dit på et hasteoppdrag, og da dere kommer fram, finner dere en ung mann som ligger på stranden. Han er blek, blør fra dype kutt i hodet og på brystkassen, og har en svak, surklende respirasjon.

Mens dere undersøker og behandler den skadde, roper ei jente som er tydelig ruset, at det har skjedd noe med kjæresten hennes. Han ligger under et tre med kraftige kramper i armer og ben, og han har et sår i bakhodet. Hun sier at han ikke har tatt medisinene sine i det siste.

## Oppgave

Tenk deg selv fortsettelsen av situasjonen.

- Fullfør oppdraget med de tiltak som er eller kan være nødvendige for ungdommene. Hva vil du gjøre, hvordan vil du gjøre det, og hvorfor vil du gjøre det slik?